



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## **Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd**

**Møtedato:** 16.02.2017  
**Møtetid:** kl. 18:00  
**Møtestad:** Nes menighetshus (Kyrkjekontoret)

### **Til stades:**

Anlaug Jorunn Bergan, Anne-Inger Lunner, Geir Valle, Tora Skjerkholt Aarnes, Johannes Sand, Målfrid Nygård Laskemoen, Anne Marie Etholm, Jarl Olav Rugtveit.

### **Meldt forfall:**

Halvor Kåsin, Lars Roe.

### **Saker**

#### **Sak 004/17 Nytt val til fellesnemnd**

Da soknerådet i sak 03/17 valte medlemar til fellesnemnda for samanslåing av sokneråda i Bø og Sauherad, blei ein av desse personane funne utanfor soknerådet. Kyrkjevevja tok atterhald om at dette var lovleg og «uproblematisk». Dette atterhaldet blei reist som spørsmålsstilling til KA, og svaret frå KA kom fyrst i går (sjå vedlegg).

I svaret argumenterer KA for at fellesnemnda bør rekrutterast av faste representantar frå soknerådet, og kyrkjevevja vil difor tilrå a soknerådet vel ein ny fast representant til fellesnemnda.

#### *Forslag til vedtak:*

Soknerådet vel ... som ny fast representant til fellesnemnda i staden for Tom Arne Møllerbråten.

#### *Møtebehandling:*

#### *Vedtak:*

Soknerådet vel Anlaug Jorunn Bergan og Jarl Olav Rugtveit som faste representantar til fellesnemnda. Tora Skjerkholt Aarnes og Anne Marie Etholm er vararepresentantar.

#### **Sak 005/17 Ordning for utpeking av biskoper**

Kyrkjerådet har sendt på høring spørsmål om kva slags ordning som skal brukast i framtida for utpeiking av biskopar. Høringsnotatet gir både ein historisk og geografisk oversikt over ulike ordningar for å peike ut biskopar – som jo innehar viktige stillingar i Den norske kyrkja.

Kyrkjevevja lar høringsnotatet stå som saksframstilling

#### *Forslag til vedtak:*

Soknerådet går for modell 2.3 b (vidareføring av dagens ordning)



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## Møtebehandling:

Det blei reist eit nytt forslag om å gå for modell 2.2 «Ordning med ei rein valordning for biskopar». Dette forslaget vekk 5 røyster medan 3 røysta for forslaget til vedtak frå kyrkjevevja.

## Vedtak:

Soknerådet går for modell 2.2 – ei rein valordning for biskopar.

## Sak 006/17 Fastsetting av soknemøtet 2017

I kyrkjelova §9 står det at «Menighetsrådet gir hvert år menighetsmøtet en orientering om det kristelige arbeidet i soknet». Vidare «Menighetsrådet forbereder og gir innstilling til avgjørelse i alle saker som legges fram for menighetsmøtet, jfr § 10, eller som menighetsmøtet selv tar opp.»

Dette står vidare i handboka for sokneråd og kyrkjeleg fellesråd (pkt 2.4 s. 25) :

*«I alle sokn skal det kvart år innan 1. mars, haldast eit kyrkjelydsmøte der ein legg fram for medlemmene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering, jf. kl § 9. Dette årlege kyrkjelydsmøtet får dermed preg av å vere årsmøte for soknet, der rapporten frå soknerådet er grunnlag for debatt om planar og prioriteringar. Dermed er kyrkjelydsmøtet ein god plass for deltaking og engasjement i lokalkyrkja jf. kap. 8.10 og vedlegg 3 § 9.»*

Vi brukar omgrepet «soknemøte» heretter om det som ovanfor både er kalla menighetsmøte og kyrkjelydsmøte. Dett møtet har ei formell rolle når enkelte saker skal avgjerast; som ny liturgi, innføring av ny salmebok, talet på gudstenester og liknande. Det *skal* også kallast saman til soknemøte når minst 20 av dei røysteføre i soknet krevjer det.

Utover dette er soknemøtet ein arena der soknerådet orienterer om sitt arbeid, og der soknemedlemene kan kome med merknadar, tilbakemeldingar og spørsmål om dette arbeidet.

Med dette som bakgrunn er spørsmålet kva som vil vere ein god arena for å ha eit soknemøte der ein oppnår fleste moglege av desse måla. Det er ynskjeleg om at det er eit bra frammøte samstundes som at det er ei god ramme som muliggjer både å gje og å få informasjon. Det er no mange år sidan soknemøta blei halde i kyrkja i etterkant av ei vanleg gudsteneste. Dei seinare åra har møta vore halde på kveldstid på ein vekedag, og når ein ikkje har hatt formelle saker til drøfting (som ny salmebok og liturgi), så har ein freista å finne tema som kan vekke engasjement samstundes som det er aktuelt for soknerådet sitt arbeid.

I år er det ikkje noko slikt dagsaktuelt lokalt tema, men samstundes så er det fleire svært dagsaktuelle saker som har fått mykje medieomtale, og som vil påverke lokalkyrkja i større eller mindre grad – på litt sikt. Skiljet mellom stat og kyrkje, liturgi for likekjønna ekteskap og ein forestående kommunesamanslåing er saker som opptek mange. Her kan ein bruke soknemøtet til å orientere om kva dette vil ha å seie for lokalkyrkja, og kva vi veit om sakene p.t og det som skal skjje framover.

Når det gjeld tidspunkt for soknemøtet så blei det i møteplanen sett til tysdag 7. mars. Sidan vi i år ikkje har nokon spesiell sak eller tema å bruke som trekkplaster, har det kome forslag om å flytte møtet til å ha det i forlenging av kveldsmaten etter G-17 søndag den 19. mars. Det er ikkje aktuelt å flytte G-17 og evt. soknemøte til søndag den 12. for å få med soknepresten, som har frisøndag den 19.

Det er derimot ein del ting som talar for å ha soknemøtet i forlenging av ein G-17 gudsteneste; mange er allereie samla, salen er rigga og mat blir servert. Vidare vil G-17 bli synleggjort for soknemøtet som



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

«menighetens storsamling», og så vil ein søndagskveld i liten grad kollidere med andre møter og arrangement, slik det gjerne blir på ein vanleg virkedag.

Så er det sjølvsagt argument mot å ha eit slikt møte etter ein gudsteneste på søndag kveld, og i den interne e-postkorrespondansen i soknerådet har meiningane vore delte. Men kyrkjeverja meiner det er fleire gode argument for å flytte soknemøtet til den 19. mars enn det er for å ha det den 7., og vil difor innstille soknerådet til å gå for den dato.

## *Forslag til vedtak:*

Soknerådet vedtak å arrangere soknemøte på Nes menighetshus søndag 19. mars (kl 1845 eller 19).

## *Møtebehandling:*

## *Vedtak:*

Soknerådet vedtek å arrangere soknemøte på Nes menighetshus søndag 19. mars kl 1830.

## **Sak 007/17 Skattefritak for gaver**

Det har ved flere høve blitt reist spørsmål om skattefritak for offer og gaver i kyrkjelyden. Spørsmålet blei reist på soknemøtet både i 2014 og 2015, og var da konkret knytt opp til ei ordning for registrering av kontantbeløp gitt i kollekt på gudstenester og liknande.

Soknerådet gjorde slitkt vedtak i sak 015/14 i april 201:

*«Soknerådet ønsker å legge til rette for at dette skal gjennomføres i kirkene våre. Kirkevergen ser på gode praktiske løsninger».*

Sidan kyrkjeverja ikkje fann «..gode og praktiske løsninger» for ei slik spesifikk ordning, så blei ikkje dette følgd vidare opp. Det var heller ikkje nokon merkbar etterspurnad etter ei slik ordning i kyrkjelyden.

Saka blei teke opp på nytt i soknerådet i februar 2016 (sak 012/16). I saksframstillinga da skreiv kyrkjeverja at han «..ser det som meir formålsteneleg og framtidsretta å leggje til rette for at folk i kyrkjelyden kan gje gaver – via bank – til arbeid i kyrkjelyden». Soknerådet vedtok da å «..ikkje innføre ei ordning med skattefritak for kontantbaserte offer».

Skepsisen som her er vist skuldast utelukkande *dei praktiske og administrative* sidene ved å legge opp til ei ordning med skattefritak ved bruk av kontantar. Formålet med skattefritak er jo både prisverdig og god, der det offentlege altså «subsidiarar» ein del ideelle og almennyttige formål ved å ikkje belaste gjevarane med inntektsskatt på gåvene.

Sidan vi som eit sokn i Den norske kyrkja automatisk er godkjent som mottakar av skattefrie gaver, så bør sjølvsagt vi legge til rette for - og oppmuntre til dette. Parallelt med at det både blir vanskelegare å få tak i kontantar (talet på minibankar er sterkt synkande og butikkar får også stadig mindre av dette), og det er både kostbart og tungvint å handere dette, så veks det fram fleire alternative betalingsløysingar. Ikkje lenge etter at soknerådet gjorde sitt vedtak i fjor blei det opna for at også foreiningar og organisasjonar kunne ta i bruk den populære betalingstenesta «Vipps», som er utvikla av DNB. Allereie tidleg i april mottok vi den fyrste Vipps-innbetalinga, og etter snart eitt år drift har ordninga blitt betre og enklare å administrere for oss i mottakarenden. Vi ser at denne metoden blir bruka av stadig fleire av dei som seier at dei aldri har kontenter på seg.

Forholda ligg no mykje betre til rette for å kunne administrere og registrere skattefrie gaver. Det kan da gjerast på flg måte:



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

1. Dei som ynskjer å registrere seg, og at det dei gir i vanleg offer og/eller til andre (definerte) formål, kontaktar kyrkjekontoret. Dei må da oppgi fødselsnr (11 siffer) for at summen av offer og gåver kan bli innrapportert til skattestyresmaktene ved slutten av året.
2. Gjevaren kan opprette faste overføringar til soknerådet sin konto, med melding om kva pengane skal gå til.
3. Gjevaren kan også gje sporadiske gåver, og der føremålet kan variere frå gong til gong. (typisk her vil vere offer på gudstenester eller andre arrangement.)
4. Måten å gje gåver på må anten vere vha Vipps eller bankoverføring. Betaling med kort over bankterminal kan unntaksvis godkjennast medan kontantar ikkje vil vere muleg å bruke dersom ein ynskjer skattefritak.
5. Flg formål vil det vere muleg å gje gåver til og få skattefritak.
  - a. Helsing
  - b. Kyrkjeoffer
  - c. Menighetens misjonsprosjekt
  - d. MenighetsarbeidetDersom det er tvil om kva gjevaren meiner gåva skal gå til, blir den iført til inntekt på pkt d

Den enkelte gjevar kan sjølvstilt etablere avtale eller halde fram med å gje direkte til menighetens misjonsprosjekt.

Sjå vedlegget for meir informasjon om sjølve ordninga.

### *Forslag til vedtak:*

Soknerådet ber om at det blir lagt til rette for, og informert om, høve til å gje skattefrie gåver slik det er skrivei denne saka.

### *Vedtak:*

Soknerådet ber om at det blir lagt til rette for, og informert om, høve til å gje skattefrie gåver slik det er skrive i denne saka. Det må også undersøkjast om det er muleg å få inn Nes menighetshus som eit gåveformål som gir rett til skattefritak.

### **Sak 008/17 Årsmelding 2016**

Årsmeldinga for 2016 er ikkje ferdig utarbeidd, og blir difor ettersendt til møtedeltakarane.

### *Forslag til vedtak:*

Soknerådt vedtek å legge den framlagte årsmeldinga fram for soknemøtet.

### *Vedtak:*

Soknerådt vedtek den framlagte årsmeldinga med mindre justeringar.

For Sauherad og Nes sokneråd

Trond Haugen  
kyrkjeverje